



Francis Billy Rath
Tjørnavegen 13
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4357 - 23/15426

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
24.02.2023

Godkjenning av personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar - gbnr 323/119 Frekhaug

Administrativt vedtak: Saknr: 223/23
Tiltakshavar: Francis Billy Rath
Ansvarleg søkjar: Francis Billy Rath
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-8, jf. forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8, godkjenner kommunen tiltakshavar Francis Billy Rath sin søknad om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar for rolla som ansvarleg søkjar og for prosjektering og utføring av lettveggar og innreiing for tiltak på eigen bustad på gbnr 323/119.

Det vert vist til oppdatert gjennomføringsplan journalført mottatt 24.02.2023.

Tiltak

I samband med søknad om ferdigattest for godkjend tiltak på eigedomen gbnr 323/119 har tiltakshavar Francis Billy Rath søkt om ansvarsrett som sjølvbyggjar for følgjande arbeid på eigen bustad: Ansvarleg søkjar, prosjekterande og utførande for arbeid knytt til lettveggar og innreiing.

Endringa i ansvarsrettar i tiltaket har oppstått som følge av at ansvarleg føretak Byggmester Hagewick AS har gått konkurs. Det er elles avdekket at tiltaket i utgangspunktet ikkje har vore tilstrekkeleg ansvarsbelagt.

Det vert vist til søknad journalført mottatt 06.02.2023 og supplerande dokumentasjon journalført mottatt 24.02.2023.

VURDERING

Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Søknaden om personleg ansvarsrett for arbeidsområdet PRO og UTF for lettveggar og innreiing i samsvar med godkjend tiltak på eigen bustad vert godkjend.

Det vert elles vist til oppdatert gjennomføringsplan journalført mottatt 24.02.2023.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/4357

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Francis Billy Rath

Tjørnavegen 13

5918 FREKHAUG